

Utstillarreglement for Tomatfestivalen 2020

1. Dei som er interessert i å delta som utstillar på Tomatfestivalen 2020 må fylla ut elektronisk søknadsskjema som ligg på www.tomatfestivalen.no. Ta evt kontakt på svanhild@ryfylkelivsgnist.no om de treng hjelp til søknaden.
2. Søknadsfrist er 1. juni. De får stadfesting på om de har fått plass eller ikkje innan 14 dagar etter at søknad er sendt.
3. Påmeldinga er bindande etter 1. juni og standleiga vil bli innkrevd i sin heilhet. Unntak ved sjukdom (legeattest må framleggjast).
4. Faktura for standleiga blir sendt ut fortløpande. Standplassen er stadfesta når faktura er betalt.
5. For utstillarar som sel matvarer må salsinnretningar og vareutval vere godkjend av Mattilsynet i heimkommunen. Godkjeningsbevis skal takast med og visast ved eventuell inspeksjon.
6. Organisasjonar som ønskjer å selja lodd under festivalen må halde seg oppdatert på gjeldande reglar for loddsal. <https://lottstift.no/nb/>
7. Arrangøren sørger for reinhald av innan- og utandørs publikumspassasjar. Reinhold av standplass er utstillar sitt ansvar. Det blir sett opp søppelspann på heile området.
8. Standplass kan riggast frå kl 7.30 same dagen, eller dagen før.
9. Utstillar må sjølv sørge for nødvendige forsikringar. Det er patruljerande vakt på festivalområdet frå fredag kl 22.00 til laurdag kl 07.00.
10. Alle bilar og tilhengarar, som ikkje er ein del av utstillinga/standen, må vera ute av festivalområdet mellom kl 09.30 og 16.45.
11. Standplass/serveringsplass skal vere betjent når festivalen er open for publikum. Det vil vere høve til å starta nedrigging frå kl. 16.00, når hamneaktiviteten startar. NB! Ingen bilar skal inn på området før 16.45! Dette pga trafikktryggleiken. Vakter vil passa på at dette blir overhalde.
12. Etter endt festivaldag skal standplassen etterlatast ryddig og fri for dekorasjonar, spiker, emballasje og liknande. Utstillar er ansvarleg for eventuelle skadar utover vanleg slitasje.
13. All ferdsel på utstillingsområdet og tilgrensande areal skjer i samsvar med retningslinjer for trafikkregulering fastsatt av arrangør. Det kan berre parkerast på tilviste plassar.
14. Alle utstillarar er bundne av dette reglementet. Arrangør avgjer med bindande verknad tvistar om forståing av reglementet.
15. Arrangør kan avlysa festivalen, eller deler av denne, dersom det syner seg uråd å gjennomføre arrangementet pga force majeure, større skader på bygningar eller tekniske skader på utstillingsområdet og enkeltstandar. Ved avlysing i samsvar med dette punktet i utstillingsreglane, fråskriv arrangør seg ansvar overfor utstillarane som følgje av avlysinga. Marknadsnemnda er ikkje pliktig å betala attende leige som er betalt inn på førehand.

Velkomen til Tomatfestivalen 2020!